

# MYKLEBUST HAMNE- OG INDUSTRIOMRÅDE

## REGULERINGSFØRESEGNER

§ 1.0 Reguleringsområdet er vist i plankart R-01-89 dat. 15.5.89 og regulert til:

### BYGGEOMRÅDE

P.B.1.

§ 25.1

- a) Kombinert bustad/forretning FB 1
- b) Kombinert industri/forretning FI 1
- c) Forretningsområde F 1
  - " " F 2
  - " " F 3
  - " " F 4
- d) Industriareal I 1
  - " " I 2

P.B.1.

§ 25.2

### LANDBRUKSOMRÅDE

### TRAFIKKOMRÅDE

P.B.1.

§ 25.3

- a) Køyreveg, molo og fergekai.
- b) Gangveg.
- c) Offentleg kaiområde K 1, K 2, K 3 og K 4.
- d) Småbåthamn I og II.
- e) Trafikkareal i sjø.

### SPESIALOMRÅDE

P.B.1.

§ 25.6

- a) Naustområde N 1 og N 2.
- b) Fiskeriservice S 1, S 2 og S 3.
- c) Kommunalteknisk anlegg.

**§ 2 FELLESFØRESEGNER**

- 2.1 Bygningar skal plasserast innanfor dei viste bygge- og frisiktlinene.
- 2.2 Innanfor frisiktlinene må det ikkje setjast i verk tiltak som hindrer sikta.
- 2.3 Bygningsrådet skal ved handsaming av byggemeldingar sjå til at desse får ei utforming som står i stil med kringliggende bygningar. Dette gjeld både form, materialval, farge og utnytting av tomta. Som hovudregel skal bygningane utførast med saltak.
- 2.4 Ved tomtedelingsøknad eller byggemelding kan bygningsrådet krevje plan som viser utnyttinga av heile eigedommen eller deler av den.

**§ 3 KOMBINERT BUSTAD-/FORRETNINGSOMRÅDE**

- a) Bygningar skal oppførast som frittliggende i ein eller to etasjer. Bygningar skal oppførast med max. etasjehøgde 3,0 meter. Evt. nye avkøyrslar til fylkesvegen skal ikkje anleggast.

**§ 4 FORRETNINGSOMRÅDE**

- a) I område F 1 kan det oppførast bygning med ein eller to etasjer. Gesimshøgde max. 5,5 m over ferdig terreng.
- b) I område F 2 kan det oppførast bygning med ein eller to etasjer med gesimshøgde max. 7 m.
- c) I området F 4 kan det oppførast bygning i ein etasje med gesimshøgde max. 4,5 m.
- d) I F 3 kan eksisterande bygg nyttast til forretningseigedom. Evt. i kombinasjon med hyblar/utleige av feriehusvare.

## § 5

## KOMBINERT KONTOR-/INDUSTRIOMRÅDE

- a) Bygningar skal oppførast som frittliggende i ein eller 2 etasjer med max. gesimshøgde 7 m. Bygningar kan oppførast for kombinert bruk eller berre ein av delane. Type verksemd skal godkjennast av teknisk styre. Spesielt skjemma og/eller støyande verksemd skal ikkje plasserast her.

## § 6

## INDUSTRIOMRÅDE

- a) I I 1 kan det også plasserast industri i tilknytning til havbruk/fiskeoppdrett. Landbaserte fiskeoppdrett kan plasserast her. Utforming av arealet, fylling o.l. skal godkjennast av teknisk styre. Arealet skal utbyggast frå sør. Før utbygging må avløpsplan utarbeidast.
- b) I I 2 skal det berre plasserast verksemd for sjø- og fiskebaserte næringer. Bygningar kan oppførast i ein eller to etasjer med gesimshøgde max. 7 m. Spesielt forureinande verksemd skal ikkje plasserast her. Utfyllingar og kaifront skal godkjennast særskilt av Kystverket/Hamnestyre.

## § 7

## TRAFIKKOMRÅDE

- a) Køyreveg/molo og fergekai.

Køyreveg er innberekna med midtline. Mindre endringar kan skje, men då likevel slik at arealet som er regulert til veggrunn ikkje blir endra.

Fergekai.

Det skal utarbeidast eigen trafikk/skiltplass for området. I denne planen skal plass for venterom/servicebygg takast med. Planen skal godkjennast av Møre og Romsdal Vegkontor.

## b) Offentleg kaiområde.

K 1, K 2 og K 3 er eksisterande kaier. Evt. endring av desse skal godkjennast av Kystverket og teknisk styre.

K 4 er planlagd ny kai i samband med industriområdet. Kaia kan utbyggast i privat regi. Planer og avtaler skal godkjennast av teknisk styre og Kystverket.

## c) Trafikkareal i sjø.

Innanfor dette området må det ikkje anleggast noko som blir til hinder for fri ferdsel.

## d) Småbåthammer.

Området I er utbygd i privat regi, men skal likevel vere offentleg tilgjengeleg.

Allmenntilgjengeleg.

Innanfor området kan teknisk styre godkjenne eit mindre bygg til felles formål.

Område II kan også utbyggast på same måte som område I. Det kan ikkje plasserast bygg i dette området.

## § 8

## SPESIALOMRÅDE

## a) Naustområde.

I N 1 kan det føregå ei fortetting av busetnaden. Plassering og utsjånad skal godkjennast særskilt. Det skal leggast vekt på å ivareta eksisterande byggestil.

I N 2 kan det oppførast 1 naust på kvar tidlegare frådelt nausttomt. For plassering og utsjånad gjeld det same som for N 1.

## b) Fiskeriservice.

I område S 2 kan eksisterande sjøbod mot aust utvidast med 15 meter.

I område S 1 skal det oppførast bygningar i ein etasje med gesimshøgde max. 4,5 m.

Teknisk styre kan godkjenne at bygningane blir oppført som eit felles bygg. Dei innteikna plasseringane er difor ikkje bindande.

I område S 3 kan det oppførast private kaianlegg. Området kan ikkje bebyggast, og det må ikkje nyttast til lagring av fiskerireiskap o.l.

## § 9 KOMMUNALTEKNISKE ANLEGG

Arealet skal nyttast til kloakk, pumpestasjon m.m.

Sandøy kommune, teknisk etat 15.5.89

Reguleringsplanen med føresegner er eigengodkjend i Sandøy kommunestyre 25.4.91 SAK 21/91.

.....  
rådmand